

AVTALE OM VEGRETT

Hordaland fylkeskommune

10 JUN 2015

Mellom

Hordaland fylkeskommune, org.nr. 938 626 367

Postboks 7900

5020 Bergen, som heimelshavar til gnr. 109 bnr. 465 i Bømlo kommune

og

Bømlo kommune, org.nr. 834 210 622

Rådhuset, Leirdalen 1

5430 Bremnes, som heimelshavar til gnr. 109 bnr. 97 i Bømlo kommune

er det inngått følgjande avtale:

1. Gnr. 109 bnr. 97 har vegrett over gnr. 109 bnr. 465.

Vegen over gnr. 109 bnr. 465 er teikna inn med gul strek på vedlagte kart i M 1: 1000 datert 06.05.2015.

Mellom pkt. A og B, som vist på kartet, har gnr. 109 bnr. 97 vegrett i eksisterande veg, og deltek med sin forholdsmessige andel av vedlikehaldskostnadene.

Mellom pkt. B og C har gnr. 109 bnr. 97 rett til å byggje ny veg i same breidde som eksisterande veg mellom A og B.

Gnr. 109 bnr. 97 sørger for å få utført og å koste bygging av vegen mellom pkt. B og C, samt å vedlikehalde denne vegen.

2. Gnr. 109 bnr. 97 skal berre kunne nytte vegen i samband med varelevering.
3. Avtalen kan tinglysast.
4. Avtalen er underskrive i 2 eksemplar, og partane har motteke kvar sitt.

Stad/dato:

Svartland, 8.6.2015

[Handwritten signature]

Hordaland fylkeskommune
Tom-Christer Nilsen
fylkesordfører

Bømlo kommune

